

Avsender: Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 MOLDE



98752-9-17

Olje- og energidepartementet
Att: Heidi Lundberg
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Olje- og energidepartementet - nasjonal ramme for vindkraft - fråsegn ved høyring

Vedlagt følger brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Møre og Romsdal fylkeskommune har tatt i bruk sikker digital post. Dette skal vere førstevalet i samhandlinga mellom det offentlege, innbyggjarar og næringslivet. I staden for å få brevet i di fysiske postkasse, kan du få det levert raskt og trygt til di digitale, anten Digipost eller e-Boks. Digital post er gratis å bruke, det er miljøvenleg og alle breva er samla på ein stad. Lese meir om dette på www.norge.no. Her kan du også reservere deg mot å få posten digitalt.

Brev frå fylkeskommunen til næringsliv, lag og foreiningar blir sendt til Altinn, og desse mottakarane kan ikkje reservere seg mot digital post.

Med helsing
Møre og Romsdal fylkeskommune



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

FYLKESORDFØRER

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	12.04.2019	41156/2019/S82	Johnny Loen, 71 28 02 43	03.05.2019

Olje- og energidepartementet - nasjonal ramme for vindkraft - fråsegn ved høyring

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal gjorde i sak U-85/19, møte 23.09.-2019 slik vedtak i saka:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at det blir lagt stor vekt på kommunane sine fråsegner når det gjeld areala som nasjonal ramme peikar på.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at arbeidet med nasjonal ramme vert endra til eit kunnskapsgrunnlag for mogleg framtidig utbygging av vindkraft på land, der vindkraft i sokkelområda og til havs også blir vurdert. Langsiktig eigarskap og offentlig eigarskap og utforming av skattlegging (grunnrente, naturressursskatt) må vurderast og implementerast.
3. Slik forslaget til den nasjonale ramma no foreligg, er det ein vesentleg mangel ved kunnskapsgrunnlaget at dei aktuelle kommunane ikkje allereie frå starten av blei involvert på ein systematisk måte, noe som har ført til langt større konfliktnivå. På denne bakgrunn bør ein derfor vurdere å skrinleggje den nasjonale ramma, og at vidare utbygging av vindkraft bør finne stad etter ordinære og forbetra konsesjonsprosessar (sjå pkt.5), basert på konkrete enkeltlokalitetar og ei samla interesseavveing. Utgreiingane/rapportane frå arbeidet med nasjonal ramme vil vere viktig.
4. Mål for berekraft må også implementerast i klima- og arealpolitikken. Tap av leveområde og klimaendringar med auka global oppvarming er dei største trugsmåla mot naturmangfold og biologisk produksjon. Dette er eit internasjonalt problem.
5. Utbyggingsløyve for vindkraft består av sjølv konsesjonsvedtaket, ei detaljplan samt ei MTA-plan (miljø-, transport- og anleggsplan). Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at konsesjonsprosessen er moden for revidering, slik at involvering frå kommunane må sikrast tidleg, og gjennom heile prosessen. Dette pga at det ofte tek lang tid frå konsesjonen er gitt, og fram til detalj- og MTA-plan foreligg. Behovet for nye konsekvensutgreiingar og høyringsrundar må vurderast betre, og nye konsesjonar bør ikkje behandlast før desse endringane er på plass.
6. Nasjonal ramme for vindkraft må og ta med område som allereie er bygd ut, slik at dagens vindkraftverk unngår problem fordi dei ikkje er ein del av nasjonal ramme når dei søker om fornying av konsesjonar.

Med bakgrunn i positive erfaringar og uttalelsar frå kommuner der vindkraft allereie er etablert, (t.d. Smøla kommune i Møre og Romsdal), vil det vere svært viktig at eit vedtak om Nasjonal ramme for vindkraft på land, ikkje må vere til hinder for vidare vekst og utvikling i kommuner - der denne næringa er ønska.

Med helsing

Jon Aasen